



Førde IL Orientering – nyheitsbrev 2-22

Høg aktivitet i mai og juni

Det har vore gledeleg med godt oppmøte på dei to første nærløpa.

Neste nærløp bli i Hafstadparken onsdag 4. mai. Løyper for alle. Start og mål ved FIL-huset.

Påmelding kan du gjere her: <https://eventor.orientering.no/Events/Show/16567>

Mai og juni held fram med stor aktivitet, og vi håper at løparar frå Førde også blir med og nyttar sjansen til å bli med på ulike arrangement i fylket.

Orienteringsleirar for barn og ungdom

Sogn og Fjordane Orienteringskrins legg opp til fleire o-troll-leirar og ungdomsleirar i løpet av sesongen. Førde IL Orientering er medarrangør første helga i mai:

Då vert det **O-troll-leir** på Langeland, Rødekorshytta for aldersgruppa 8-12 år, 7. og 8. mai.

Treng ikkje ha nokon erfaring frå orientering frå før. Bli kjent. O-leik. Mat. Overnatting.

Same helga – med start fredag - vert det **Ungdomssamling for aldersgruppa 13-25 år** på Langeland, skihytta.

Håper at fleire unge har lyst til å vere med, og sidan det er overnatting treng ein påmelding på førehand for å berekne m.a. mat og drikke til deltakarane.

Meir informasjon finn du her:

<https://orientering.fordeidrettslag.no/blog/post/185251/o-troll-leir-og-ungdomssamling>

Krinsløp Førde 7. og 8. mai

Deltakarar på orienteringsleiarane vil også få tilbod om å vere med på dei to krinsløpa som Førde IL Orientering arrangerer denne helga.

Laurdag 7. mai er det kretsløp – KM Sprint – med oppmøte ved fotballbanene/barnehagen i Vieåsen.

Søndag 8. mai går den tradisjonsrike Sunnfjordorienteringa av staden. Den går på kartet Ulvedalen, som ligg mellom Moskog og Holsenvatnet. Merka frå krysset på Moskog. 6 ulike løyper – dvs litt fleire løyper tilgjengeleg enn på eit vanleg nærløp.

Oppfordrar løparane frå Førde til å bli med. Påmelding via eventor.orientering.no

Rotekoppen på Breim 26. mai – felles transport

Rotekoppen vert arrangert av Breimsbygda IL torsdag 26. mai (Kr. Himmelfartsdag).

Vi planlegg eigen buss til arrangementet. Gratis for dei under 25 år. Kr 100,- for dei over.

Kjem tilbake med meir info om påmelding.

Klubbtur til Stryn og Markane 11. og 12. juni

Klubbtur med buss til KM mellom i Markane (laurdag 11.6.) og o-løp (søndag 12.6).

- Buss gratis for dei under 25 år. Kr 100,- for dei over.

- Overnatting Stryn Camping. Løparar som ønsker plass i reserverte hytter må bestemme seg innan 18. mai (løp Helgåsmarka). Pris for ei hytte (6 senger) er kr 1500,-. Løparar under 25 år gratis, løparar over 25 år kr 250,-. Klubben dekkar resten. <https://www.stryn-camping.no/> - hytte nr. 2.

Kontakt og booking hytter til Gunnar Gytri.

Det er sjølvsagt mogleg å bestille annan type overnatting i Stryn.

Kor mange som blir med på O-troll og felles overnatting der (Ullsheim) veit vi heller ikkje på noverande tidspunkt, men ber løparane tenke gjennom moglegheitene.

Planlegg også ei felles samling med middag ute i Stryn laurdag kveld.

Terminliste mai og første del juni:

DATO	Nr.	STAD	MERKNAD
MAI			
Ons. 4.	3	Hafstadparken, FIL-huset	Nærløp. O-SKULE!
Fre.6 –søn 8		Langeland - Skihytta	Ungd.samling 13-25 år UNGD.SAMLING
La.7 –søn 8		Langeland - Rødekorshytta	O-troll-leir 8-12 år O-TROLL
Laur. 7	4	VIEÅSEN Barnehage	KM Sprint.
Søn. 8	5	Ulvedalane Holsen	"Sunnfjordorienteringa" Krinsløp.
Ons.11.	6	Ulvedalane, Holsen	Nærløp («nye» løyper etter søndag) O-SKULE!
Ons. 18.	7	Naustdal Helgåsvegen	Nærløp. O-SKULE!
Tors. 26	8	Breimsbygda IL	"Rrotekoppen" Krinsløp. FELLES TRANSPORT
JUNI			
Ons. 1.	9	Ytre Gjesdalsdalen, Jølster	Nærløp
Ons. 8.	10	Langeland Høgda Nord	Nærløp, Lagsmeisterskap mellom
Laur. 11.		Markane IL	KM mellom UNGD.S /O-TROLL FELLES TRANSPORT
Søn. 12.		Markane IL	Krinsløp UNGD.S /O-TROLL FELLES TRANSPORT

Følg oss:

Meir informasjon på nettsida: orientering.fordeidrettslag.no

Følg oss også på Facebook

Støttespelarar:

